

jazznytt

NR. 04:2007

TIDSSKRIFT FOR JAZZ OG ANNEN RYTMISK KVALITETSMUSIKK

levende lyd

DØLAJAZZ

JAZZTALENT I KØ I DØLABYEN

Den 17 år gamle saksofonisten frå Lillehammer, Marius Bakken slo an tonen på opningskonserten ved årets Døljazz - ein konsert som feira 5 års jubileet til festivalens talentlansering, JazzIncubator. Før det hadde Karin Krog opna festivalen med ein strålende tolking av Billie Hollidays «A Child Is Born». I talen sin streka Krog under at om ein ynskjer å bli jazzmusikar, så er ikkje talent og fasinasjon for musikken tilstrekkeleg, må ein ynskja det sterkt nok.

TEKST: LARS MOSSEFINN FOTO: JAN GRANLIE

La oss vona at unge Bakken verkeleg vil bli jazzmusikar, for han har idéane og gutsen. Samman med medmusikantane i Muvo serverte dei tre eigenkomponerte låtar. Spesielt i andre låt fyrte Bakken av eit kor i beste Rollins-stil der den eine idéen tok den andre. Vel har Bakken eit stykke å gå både teknisk og harmonisk, men Bakken spelte med ei overtyding og formuleringsevne som var ein langt mognare musikar verdig.

Etterpå følgde Maren Selvaag - også ho frå Lillehammer. Akkompagnert av Jo Skaansar, bass og Andreas Håkestad, trommer la ho i veg med Jarretts «Country». Om det var overdriven respekt for komponist og pianistisk førebilete, men Selvaag overlet i alle fall til Skaansar å bruka låten som improvisatorisk springbrett. Selvaag tok sitt mon att i dei to siste låtane utan at det etterlet eit varig inntrykk, men ho har sikkert meir inne. Det skal leggjast til at unge Selvaag fekk DnBNors talentpris på 10 000 kr.

Kva djupare meining som skjuler seg bak namnet Legopulver, fekk eg aldri svar på, men musikken er enklare å forhalda seg til. Gitarist og komponist Martin Farstad Borg saman med nemnte Skaansar og Håkestad serverte eigenkomponert stoff som på sitt beste hadde noko av den sarte og naivistiske venleiken som m.a. pregar deler av Bill Frisells musikk. Trioen kommuniserte tett. Det er tydeleg at ensemblet har teke seg den tid som trengs for å framstå som ein musikalsk eining.

Opningskonserten blei avslutta med Marita Røstad med band. Vokalist, pianist og låtskrivar Røstad var tidlegare i år aktuell med CDen «Silent Sunday». Konsertrepertoaret var henta frå denne CDen. Store deler av repertoaret er interessant både tekstleg og kompositorisk, men ved dette høvet var vel mangel på homogenitet i bandet det mest alvorlege ankepunktet.

Seinare på kvelden var det duka for første runde med Jazzincubator 2007. Aksel Jensen Lucky Three, Machina og Caran d'ache. Lucky Three har allereie gjort seg bemerkja på scenar i hovudstaden og ved festivalane i Kongsberg og Molde. Trioen spelar sjølvlagde materiale der deler av repertoaret er bluesinspirert medan andre deler er meir komplekse både rytmisk og harmonisk. Uttrykket er både prega av trøkk og energi, men samstundes er det ein fin dynamikk i bandet.

Machina er ein mangfaldig kvartett der inspirasjon er henta frå både rock og jazz. I programmet er desse inspirasjonskjeldene oppgjevne til å vera Jimi Hendrix, Ornette Coleman og Motorpsycho. For eiga rekning vil eg leggja til at tydelege spor etter Frank Zappa og John Scofield var å høyra. Likevel var det noko friskt og originalt over både låtmateriale og enesemble-spelet. Når i tillegg bandet har sterke solistar i saksofonist Anders Roligheten, gitarist Viktor Wilhelmsen og tubaist Kristoffer Lo, blei dette eit klart høgdepunkt første kvelden.

Både Roligheten og Lo blei med vidare i Caran d'ache. I tillegg hadde bandet med Jon Rune Strøm på bass og Tollef Østvang på trommer. Kvartetten presenterte eit repertoar som i hovudsak var ført i pennen av den mangfaldige Kristoffer Lo. Europeisk kunstmusikk i ein stilistisk retning som m.a. Christian Wallumrød har gjort seg til eksponent for, kan vera ein høveleg merkelapp for materialet til Caran d'ache. Roligheten og Lo utvikla tematisk lange linjer med lange tonar frå sakte til medium tempo. I eit slikt gjennomsløkt uttrykk blir detaljane så utruleg viktige, og bandet har eit stykke veg å gå for dette funkar optimalt.

På fredag besto incubatorprogrammet av Green Serene, Ida Rønshaugen kvartett og Legopulver. Green Serene med Espen Berg, piano, Jo Fougner Skaansar, bass og Andreas Håkenstad, trommer serverte ein musikalsk men tydeleg inspirert av Jarrett/Gustavsen. Pianistisk dreg Espen Berg vekslar på desse to, men ikkje slik at særpreget mangla. Det blei totalt sett ein 40 min lang kammermusikalsk samtale med avstemt dynamikk og masse fine detaljar der bassist Jo Skansaar nok ein gong viste klasse. Så må det leggjast til at denne trioen lei spesielt under den ringe kvaliteten på pianoet som var stilt til rådvalde. Her må tilskiparane skjerpa seg.

Ida Rønshaugen kvartett bestående av Ida Rønshaugen, saks, Vegard Ringsby Hasselgård, el.gitar, Lars Egil Reine Hammersbøen, kontrabass og Marius Berg, trommer erstatta Supersonic Rocketship (som var ute og representerte fedrelandet som deltakar i talenttevlinga Young Nordic Jazz Comets. Etter det eg forstod, kom denne programendinga noko overraskende på tilskiparane.) Ida m/ band er heilt ferske. Å bli invitert på kort varsel til å



Kristoffer Lo



Ine Kristine Hoem



Marius Bakken

hoppa både før og etter Wirkola er ei tøff oppgåve. Med desse føresetnadene gjorde Ida Rønshaugen kvartett ein respektabel jobb. Eg ser med forventning fram til eit gjenhøyr.

Legopulver var også med på opningskonserten, men her fekk dei meir armslag, og stadfesta inntrykket frå dagen før, men eit par låtar framstår som noko preglause.

Siste kvelden fekk me møte Alba-trosch, Pelbo og Autronic. Særleg første band ut, duoen Albatrosch, imponerte stort. Igjen denne hyperaktive saksofonisten Andre Roligheten i samspel med den spanande pianisten Eyolf Dale. Trass i eit krevande format fann dei to stadig nye innfallsvinklar til stoffet dei presenterte. Roligheten demonstrerte ein mest fullkomen kontroll av instrumentet. Han utforska overtoneregister og klangmoglegheiter i tillegg til å demonstrera puste- og tungeteknikk som går utanpå det meste. Til tider tok den tekniske briljeringa overhand. Dale kjem frå ein annan pianistisk tradisjon enn Jarrett-skulen. Glimrande teknikk og med ein del fraser og vendingar som skulle indikera at han har teke timar hjå Misha Alperin. (Det siste fekk eg ikkje stadfesta...)

Vokalist Ine Kristine Hoem frontar trioeren Pelbo, som i tillegg har med Kristoffer Lo på tuba og Trond Bersu på trommer. Hoem står trygt i ein norsk vokalttradisjon, men ikkje berre vokalluttrykket er 'norsk', også Pelbos musikalske prosjekt dreg vekslar på norske førebilete. Bandet nyttar nokre Robert Creeley-tekstar, og det funkar fint, men det bandet sjølve bringar til

torgs er vel meir problematisk. Arnvid Mondal karakteriserte Pelbos musikk som «Steinerskolejazz». Eg er litt usikker på kor fruktbart dette omgrepet er, men det gjev mogleg ei viss meining i møte med bandets egne tekstar. Trass fin musisering frå kvar enkelt, står ein att med inntrykket av eit uferdig, men potensielt spanande prosjekt.

Autronic avslutta kvelden på Bingo'n, og igjen Roligheten fabelaktig til stades på tenor- og sopransaks - også spelt samstundes i beste Rahsaan Roland Kirk-stil. I bandet elles var Espen Jørgensen Bjarnar på gitar, Jon Rune Strøm på bass og Trond Bersu på trommer. Det kokte til tider på scenen, og sjølv om alle leverte solistiske bidrag framstod Autronic som nemnte Roligheten med eit drivande komp.

Jazzincubator 2007 er den beste av dei eg har fått med meg (4 av 5). Det unge arrangørkorps gjorde ein fin jobb, og det entusiastiske publikummet skapte den rette atmosfæren. Så kan me vel leva med at nokon trur at trivnaden i konsertlokalet aukar proporsjonalt med mengden «cracker» ein spry ut, og at ein og annan overvrig arrangør ikkje har fått med seg det Wallenbergske mottoet «Vårka, inte synast». Elles er det gjort lyd- og biletopptak av alle konsertane.

Døljazz 2007 var sjølv sagt meir enn presentasjon av ung norsk jazz. Eg fekk med meg at Lillehammer må ha eit av landets beste amatørstorband, at dei danske damene i Percussion Paradise framleis fascinerer og at Jorund Bøgeberg er ein framifrå soloartist og skaphumorist av dimensjonar.